

Første poeng til Trio.

17.04.2016



Sondre S. Myklebust var i startelevenen mot Trott.

Trio tok sesongens første poeng då dei laurdag ettermiddag spela 0 - 0 mot Trott heime på Kvednabekken kunstgrasbane på Husnes. Sondre S. Myklebust var igjen i startelevenen, medan Marius Myklebust framleis slet med skade. Han er ikkje i trening enno, men rapportane seier at han er i betring.

Første omgang var jamnspela utan dei store sjansane til nokon av laga. Utover i kampen tok det unge Triolaget over og hadde nokre store sjansar utan at det vart skoringar. Ungdommane på Triolaget viste at det bur mykje i dette laget. Dei hadde fortent alle poenga.

Tekst: Ragnvald Myklebust/Thor I. Døssland

Foto: Ragnvald Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland